

Styremøte i Vats grendelag, måndag 11/6 – 18

Stad: Soltveit grendahus

Frammøtte: Lill – Eva, Monica, Tor Olav, Jone, Eirik og Christine

Styret tok opp følgjande saker:

1. **Turstien langs Vatsvatnet:** Det blir møte med Berit Hetland i kommunen fredag 22/6 kl 12.30 angåande turstien langs Vatsvatnet.
2. **Tuftepark:** Sk – Vats skal ha styremøte på torsdag 14/6. Dei har tomt som dei er villige til å avsjå for å laga Tuftepark. Eirik har funne pris (alt frå 80 000 kroner til 250 000 kroner) og har snakka med Sigbjørn Gjellestad (leiar i Sk – Vats). Spørsmål fremover er korleis me skal samarbeide om dette prosjektet? Korleis skal me klara å få dekkja dette? Lokale bedrifter, andre midlar, kommunen...
3. **Blikravegen som forkjørsveg:** Grendelaget har fått brev frå Vindafjord kommune om at dei støttar forslaget om å omregulere Blikravegen til ein forkjørsveg. Dei har sendt saka vidare til Vegvesenet.
4. **Facebook tilbakemelding:** Det blei spurt på facebook kva folket i Vats ynskja seg, forslaga som kom var:
 - Pub på Vindafjordhallen
 - Skatepark/BMX park, kunne det vore mogleg å få lagt til noko på grusbana ovanfor skulen? Kva pris ser ein for seg, og korleis skal det sjå ut?
5. **Anna:**
 - Det er blitt laga ei eiga side for alle som bur i Vats på facebook, denne heiter Vatsposten. Den er meint til å bli driven av private som bur i Vats, bedrifter, lag og foreiningar. Veit du om noko som skjer i lag og foreiningar eller om det er andre ting du meinat at flest mogleg burde fått vite om, så er dette ein ypperleg kanal til å nå ut til mange.

Neste styremøte i Vats grendelag blir måndag 27/8 kl 19.00 på Soltveit grendahus.